



Protokoll

Programstyret for Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Til stades:

Medlemar:

Kjetil Hjørnevik, programstyreleiar
Lars Tuastad, programkoordinator/programstyrenestleiar
Claire Ghetti, intern fagrepresentant

Meldt fråfall:

Monika Overå, ekstern fagrepresentant

Sekretær:

Hild C. Vang, studiekonsulent

Tid: Fredag 23.05.25, kl. 13:15-15.00

Møte: 3/2025

Stad: GA / Microsoft Teams

Arkivnr: 2025/1011 (ePhorte)

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Godkjent med ein sak til eventuelt.

II Protokoll frå tidlegare programstyremøte

Merknad: Protokoll vart ikkje sendt ut med innkallinga.

III MUTP 7/25 Nytt EVU-emne: *MUTP650 Musikk som ressurs for helse og livsmeistring*

Programstyret diskuterte saka. Det kom opp nokre spørsmål til opprettinga av nye EVU-eme, som programstyret ynskjer oppfølging av.

Vedtak:

Programstyret støttar utviklinga av EVU-emne i musikkterapi, og ynskjer å opprette emnet MUTP650, men ber om Instituttrådet ved Griegakademiet vurderer følgande punkt:

- *Er det nok ressursar på programmet til å tilby EVU-emne på 10 sp?*
- *Kva moglegheiter er tenkt for innpass i Femårig integrert masterprogram med MUTP650?*

- *Korleis sikre at prosessen med oppretting av nye EVU-emne i musikkterapi er koordinert slik at dei ulike emna ikke utkonkurrerer kvarandre?*

MUTP 8/25 Studiestart hausten 2025

Programkoordinator og studiekonsulent orienterer om planen for velkomstveka. I den samanheng orienterer koordinator òg om eit møte som vart halde 22. mai med to studentar som delte bekymringar knytt til kritisk tenking, diskriminering og kjensler av manglande tryggleik på studiet. Programstyret ynskjer å ta dette på alvor, og gjere dette til utgangspunkt for fagdagen, torsdag i velkomstveka. Det vert oppretta ein programkomité, med studentrepresentantar for utforminga av fagdagen.

MUTP 9/25 Endringar i fagleiing og administrasjon hausten 2025

Følgande endringar vert informert om:

- Ny programstyreleiar: Claire Ghetti
- Ny programkoordinator: Kjetil Hjørnevik
- Studiekonsulent Hild Vang starter i ny jobb utafor UiB
- Det mangler framleis studentrepresentantar i programstyret. Programstyret held fram med å be fagultvalet for musikkterapi om å gjere val av to representantar.

IV Referat og orienteringssaker

- Meldingar frå institutt – [IRGA 20.03.25](#)
- Meldingar frå Studieutvalget KMD – [SU 26.03.25](#)
- Meldingar frå fakultetet – [Fakultetsstyremøte 03.04.25](#)
- Meldingar frå MUTP-fagutvalg og STUGA

V Eventuelt

- Programstyredatoar: Fyrste møte hausten 2025: 22.08. Resten av datoane vert satt på dette møtet
- Opptaksprøve
Veke 23-24. Programkoordinator orienterer om status.

Bergen, 16. juni 2025

Kjetil Hjørnevik
Programstyreleiar

Hild C. Vang
Programstyresekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 7/25

ePhorte saksnummer: 2022/419

Sakstype: Vedtak

Møte: 23.05.2025

Nytt EVU-emne: *MUTP650 Musikk som ressurs for helse og livsmeistring*

Bakgrunn

Fakultet for kunst, musikk og design har fått tildelt midler fra UiB videre for å utvikle og pilotere EVU emner. Fagmiljøene på Griegakademiet har vært svært aktiv og de siste månedene kom det flere spennende innspill.

En arbeidsgruppe fra musikkterapi har jobbet med ideer rundt utvikling av nye EVU emner og har laget beskrivelse for emnet *MUTP650 Musikk som ressurs for helse og livsmeistring*.

Til saka

Emnet *MUTP650 Musikk som ressurs for helse og livsmeistring* skal vere eit introduksjonsemne som kan danne basis for fleire nye EVU-emne i musikkterapi (MUTP350+). Det er eit ynskje om å rekruttere frå heile Skandinavia, med norsk som undervisningsspråk.

Nysselinfo:

- Gjennomført hovudsakleg digitalt, med ei helgesamling.
- Det vert utvikla digitalt undervisningsmaterieil i laupet av hausten 2025.
- Rekruttering frå heile Skandinavia, med norsk som undervisningsspråk
- Administrative ressursar er for tida under avklaring med UiB vidare og KMD.

Vedlegg:

- [Emneskildring MUTP650](#)